

25-åring satsar på kinesiske traktorar

08.01.2009



Ørjan Haugland på barndomsheimen Klammeren. Han kjøpte huset i bakgrunnen av syster Merete sist sommar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er ingen grunn til å klaga over at unge uskedelingar manglar pågangsmot og tiltakslyst. 25 år gamle Ørjan Haugland er blant dei som går friskt ut. Med barndomsheimen på Klammeren som base har han no starta firmaet Haugland Landbruk og satsar på sal av kinesiske traktorar, av merket Jinma. Han har tenkt på ei slik satsing lenge, men det var sist haust det vart alvor.



[Ein av dei seks Jinma-modellane som Ørjan sel. Han får sjølv ein slik traktor til veka.](#)

Men det er viktig å presisera at traktorar slett ikkje er noko nytt for Ørjan. Dei har lenge vore ein svært viktig del av livet hans. Heilt sidan han var 14 har han kjøpt og seld traktorar – 14 i talet! Og sidan han slutta ved anleggskulen i Os som han gjennomgjekk etter vidaregåande på Husnes har han vore i anleggsbransjen. Det meste av tida har Ørjan jobba for Skånevik Strand Maskinstasjon, men sidan sist sommar har han vore tilsett i Kvinnherad Stein og Hage i Høylandssbygd. No er denne verksemda konkursramma og situasjonen difor noko uviss også for uskedelingen.

Kina-importen blir uansett ikkje noko meir enn ei attåtning, i alle fall ikkje i første omgang. Men Ørjan har naturleg nok ein draum om at det kan verta noko meir etterkvart.

Han meiner å ha gode kort på handa sjølv i ei finanskrisetid. Dei traktorane han i første omgang byr fram er av dei små, nærara bestemt seks modellar frå 16 til 35 HK. Det er dei som så langt er godkjende i Noreg. Ørjan meiner at desse akkurat no representerer ein interessant nisje i marknaden, tilpassa småbruk og hobbybruk. Epledyrkarar kan truleg vera ei aktuell kundegruppe.

Men målsettinga er at Ørjan etterkvart skal selja også større Jinma-traktorar, opp til 60 HK.

Det er berre ein til som sel dette merket i Hordaland og han er å finna i Bergen, Ørjan er også forhandlar av SISU Produkter som har ekstrautstyr til dei fleste redskapstyper. Han har lagt opp til eit verkstad-samarbeid med Roald Eik.

Ørjan vonar at det kan vera stønad å få frå det kommunale næringsfondet også for han.

Det var sist sommar han overtok huset på barndomsheimen. Då gifta han seg også – med Jane Kristin. På Klammeren har dei mange dyr, til dømes to hestar.

Og til veka kjem den første traktoren – av merket Jinma.

Av Ola Matti Mathisen